

Hordaland fylkeskommune

Vår dato
30.03.2017

Høyringsuttale om Regional transportplan Hordaland 2018 - 2029

Fusa formannskap har i møte 29. mars 2017 gitt fylgjande uttale til Regional transportplan 2018 – 20129:

Hordaland fylkeskommune har sendt Regional transportplan 2018 – 2019 (RTP) til uttale. Planene omfattar dei vegsystem og ferjestrekningar som fylkeskommunen har ansvar for i tillegg til kollektivtransport. Planen er ei rullering av gjeldande transportplan.

I gjeldande RTP vart det etablert ei todeling av fylkesvegnettet med ei overordna og eit øvrig fylkesvegnett. I Fusa kommune er rv 48 frå Gjermundshavn via Eikelandsosen til Tysse og fv 552 frå Eikelandsosen via Venjaneset til Os; overordna fylkesveg.

Eit av delmåla for overordna fylkesvegnett er:

«Det overordna fylkesvegnett skal ha samanhengande god standard, minst tilsvarende utbetningsstandard.» Side 38 i planen. Det er deler av både rv 48 og fv 552 som ikkje oppfyller dette. Fusa kommune vil difor peika på behovet for utbetring av deler av desse vegane.

FV 48

Fv 48 er ein viktig veg som diagonal bindeledd i fylket (Kriterie 2) Det er mykje trafikk som kjem frå Odda / Kvinnherad. I Fusa er det særleg strekninga frå Mundheim til Holdhus der vegen i enkelte område er svært smal og svingete. Heile denne strekninga burde vore utbetra. Fusa kommune vil likevel særleg peika på behovet for ny bru over Drageidkanalen og utbetring av vegen derifrå til toppen av Bjørndalsbakkane.

Frå Eikelandsosen er fv 48 av god kvalitet. Det gjer at ein frå Fusa kan koma til område for fjernparkering / kollektivknutepunkt i Arna på ein trafikksikker måte.

Fv 552

Fv 552 frå Eikelandsosen til Os over Venjaneset er av varierende kvalitet. Vegen vart utbetra frå Eikelandsosen til Fusa for om lag 20 år sida. Det står att enkelte parti som må utbetrast. I tillegg er det trong for gangveg for dei delar av vegen som ligg innafor bebyggelsen. Fusa kommune har utarbeida reguleringsplanar for dei dårlegaste partia av vegen: frå Eikelandsosen til Lammaneset, gjennom Bergegrend og frå Flulio til Gjerdevik.

Os er definert som regionsenter og som eit senter i hovudstrukturen for kollektivnettet i fylket med ei regional stamline mot Bergen. God tilførselsveg til regionsenteret er viktig om regionsenteret skal fungera t.d. som senter for kollektivtransport. Ein utbetra fv 552 vil styrkja Os som senter for kollektivtransport både frå Fusa og dei som kjem frå Kvinnherad og Odda.

Frå 2020 er Fusa og Os ein kommune med kommunesenter på Os. Ein utbetra fv 552 er ein viktig infrastruktur for å byggja ein ny kommune.

Fusa kommune vil difor be om at fylgjande vegstrekningar vert prioritert i planperioden:

- Fv 48 frå Mundheim til Holdhus
- Fv 552 frå Eikelandsosen til Os

Utbetring av desse to strekningane vil underbyggja målsetjingane i planen om eit godt overordna fylkesvegnett og satsing på kollektivnettet.

Helsing

Terje Raunsgard
einingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.